

# Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

**Saksnummer:** OSL/11/23  
**Innkallingsdato:** 16. nov 2023  
**Møtedato:** 6. des 2023  
**Møtestad:** Norheimsund kyrkje  
**Møtetid:** 16.30 – 17.45

**Medlemer tilstades på  
første del av møtet: 9**

Lisbeth Henriksen  
Ingvill Sørheim  
Olav Tombre  
Gunnar Kvandal  
Astrid Lunestad  
Astrid Helleve Fylkesnes  
Vetle Karlsen Eide  
Kjell Dysvik  
Kåre Milje

**Varamedlemer tilstades:** ingen

**Meldt forfall:** 1 Knut Hovland

**Andre:** Olav Skeie Lid, sekretær

**Møteleiar:** Lisbeth Henriksen

Saker som vart drøfta: Sak 37/23 til og med sak 39/23

## **37/23 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**

*Samrøystes vedtak: Sakliste og innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellestrådsmøte 27. september vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellestrådsmøte vart valde: Ingvill Sørheim og Gunna Kvandal*

### 38/23 Meldingar

- Me er i budsjett-tid. Framlegget frå rådmannen fylgjer velkjente spor: me får nok litt mindre enn det som var vona, når det gjeld driftsbudsjett. Rådmannen sitt framlegg til politikarane er at kyrkja skal få kr 6 376 000,- i kommunalt tilskot for 2024. Dette er ein auke på 4,3 % frå fjoråret. Me bad i vårt framlegg om kr 6 700 000,- Kva politikarane til sist landar på, - det veit ingen. Det me veit, er at kommunen på generelt grunnlag har tronge rammer på driftssida, og at kyrkja ikkje er noko unntak i så måte. Kyrkjevevjen vil arbeida med budsjett framover, med tanke på å tilpassa oss det tilskotet me får. Men det er ingen grunn til å leggja skjul på at kostnadsauken både på løn og på andre driftsmiddel er på langt meir enn 4,3% Her er det ei gap som må fyllast, anten ved auka innteker, eller ved sparing. Fellesrådet vil få dette på sitt bord på sitt første møte i januar, når det kommunale budsjettet er vedteke.
- På investeringssida har rådmannen funne rom for 7,5 mill i investering til å ta ned taket på Strandebarm kyrkje, gjera dei nødvendige tiltak, og leggja opp att den delen av skiferen som framleis held mål, og skifta ut det som trengs. I tillegg skal koparhjelen på tårnet skiftast ut, og enkelte vindaugo bytast. Her har i tillegg riksantikvaren som kjent løyvt kr 1,5 mill til dette tiltaket. Dialog med kommune, riksantikvar og bispedøme er i gang, og fellesrådet vil få på sitt bord dei naudsynte sakspapir med omsyn til vedtak av val av prosjektleiar, utarbeiding av anbudsdokument etc. Noko av dette arbeidet er på gang, men ein kan ikkje forskottera vedtaket i heradsstyret for tidleg.
- Den namna minnelunden i Øystese var også på lista over ynskte investeringar frå fellesrådet si side, men denne nådde ikkje opp i konkurransen om dei kommunale investeringsmidlane i rådmannen sitt framlegg. Her er det enno von i hangande snøre, og det vert opp til lobbyistar og heradsstyre å sjå om det er rom for dette på neste års budsjett. Summen er estimert til 2,2 mill. ***I skrivande stund ser det likevel ut til at denne minnelunden vert realisert i 2024. Kvam heradsstyre handsamar budsjettet torsdag 7. des, og i innstillinga frå formannskapet er det funne rom for denne investeringa med kr 2 500 000,-***
- Me har no gått over til Kvam kraftverk som leverandør av kraft til alle våre kyrkjer og anlegg. Me har no fått bunde vinterprisen fram til april 2024 på eit fornuftg nivå.
- Overgangen til Azet som leverandør av rekneskapstenester er også i gang. Dei vil overta frå 1. januar 2024, slik som avtala. Det vert likevel Aider som vil avslutta rekneskapen for 2023 utpå våren 2024, naturleg nok.

### 39/23 Oppsummering av valbolken 2019-2023

*Møtet vart lukka under denne saka.*

*Møtet slutt kl 17.45*